

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

21.søndag i treningstida – 18.oktober 2015

Preiketekst: Luk 16,19-23

Lesetekst 1: 5 Mos 15,7-8. 10-11

Lesetekst 2: 1 Joh 3,16-18

Gud, vekk oss til handling

I skrivande stund står flyktningar i ti-tusenvis og hamrar på dørene for å koma inn i Europa. Krig og naud har tvinga dei til å røma frå det kjende, i håp om å finna grunnlag for eit nytt og betre liv ein annan stad. – *Det* er draumen, sa den unge jenta med eit lite glimt av von i augo. TV, radio og aviser gir oss forteljingar og viser oss bilete som er så botnlaust vonde at vi fattar det ikkje.

Kva tenkjer vi? Kva gjer vi? Let tårene renna? Snur oss bort? Vert makteslause? Trekker vi på skuldrene og seier: kva kan vel eg gjera? Eller brettar vi opp ermane og stiller oss til teneste på eitt eller anna vis?

”Det var ein rik mann...”

I denne situasjonen er søndagens tekst ei likning som Jesus ein gong fortalde, ei eksempelforteljing, så tydeleg at den kan ikkje mistydast! Det eine poenget er så skarpt markert at ingen kan ta i miss! Ytre sett hadde han det godt den rike mannen som ”*kledde seg i purpur og fint lin og levde i fest og prakt dag etter dag.*”(v 19) Han levde herrens glade dagar, tenkte ikkje på sin neste, tenkte ikkje på si eiga framtid. Han hadde nok med sin eigen rikdom, nok med seg sjølv.

Dei færreste av oss kler oss i purpur og fint lin og lever i fest og prakt dag etter dag. Men at vi er rike samanlikna med storparten av verdens befolkning er det ingen tvil om! Vi kan berre sjå oss om i vårt eige hus! Nok av alt! Nok å eta kvar einaste dag! For dei aller fleste av oss i kongeriket Noreg er det slik!

I ei verd med mykje naud er det eit stort ansvar å vera rik. Som rike har vi høve til å bidra både der nauda er stor og der nauda er mindre, i eige nabolag og under fjerne himmelstrøk. Men eg trur vi lyt be Gud opna augo våre slik at vi ser nauda, ser kva vi kan bidra med. Det er lett å bli sløv for andre si naud når ein sjølv har nok, meir enn nok! Vi treng å be: ”*Gud, vekk oss til handling i omsorg for alle som lever i nød...*” Nos 732,4)

”Men ein fattig mann...”

Ein fattig mann som heitte Lasarus... her er det verken purpur, fint lin eller fest og prakt. Snarare tvert i mot! ”...*låg utanfor porten, full av verkjesår. ...ønskte berre å få metta seg med det som fall frå bordet til rikmannen. Hundane kom endåtil og slikka såra hans.*” (v 20-21). Vanskeleg situasjon, håplaus situasjon, menneskeleg tala! Men han heitte Lasarus, som tyder ”Gud hjelper”!

Truleg visste Lasarus kva namnet hans tydde, kanskje var det ei trøyst for han, midt i hans elende!

Lasarus trong hjelp og han plasserte seg ein stad der han håpa å få hjelp, om ikkje av anna enn det som fall frå bordet til rikmannen. Slik var det, utan velferdsordningar av noko slag var smular frå dei rike sitt bord det Lasarus og andre i hans situasjon kunne håpa på.

Vi ser dei hjå oss også, på gata med kaffikoppen som dei strekkjer fram, romfolk og andre som vi kallar tiggjarar. – Dei ser ikkje på meg, dei snur seg bort, sa ho dama frå Romania med det vakre smilet og dei gode augo. Om vi ikkje synest vi kan gje til alle alltid, kan vi i det minste sjå på dei, smila, helsa! Dei er då menneske med ein uendeleg verdi i Guds augo, og derfor også i våre augo!

”Hvor skulle de møte din godhet om ikke hos oss, som har fått vårt daglige brød og vår frihet, et liv i et land som er godt. (NoS 732, v 3)

”Så hende det...”

Når Jesus fortalde likningar, var det ikkje slik at alle detaljar skulle tydst kvar for seg, men detaljane er der for å understreka hovudpoenget som tilhøyrarane framfor alt må merka seg. Derfor kan vi seia at det er ikkje slik at alle fattige blir borne av englar til *”Abrahams fang”* (v 22) og at alle rike slår *”...opp augo i dødsriket der han var i pine”* (v 23).

For rik og fattig er det ein felles veg til himmelen, det er trua på Jesus Kristus og hans frelsesverk. Den vegen er open for alle! Men Jesu kjærleik og hans verk for oss skal bera frukt, skal visa seg i gode gjerningar overfor våre medmenneske. *”Kva kjærleik er, har vi lært av at Jesus gav livet sitt for oss. Så skyldar og vi å gje livet for syskena våre.”* (1 Joh 13,16)

Eg har lært det slik: *”For inkje har de fått det, for inkje skal de gje det.”* (Matt 10,8) og tenkjer at det gjeld både evangeliet og det eg måtte eiga og ha! Den nyaste bibelomsetjinga har ein annan ordlyd på denne setninga: *”Gjev som gåve det de fekk som gåve.”* Det eg har, har eg fått, og derfor skal eg dela med meg, både det eine og det andre, både til misjonsarbeidet og til menneske i naud: tid, pengar, ting, godord, smil, godleik... og evangeliet!

”Opna villig handa for bror din,...”

Både i GT og NT er oppfordringa sterk til å *”ikkje vera hardhjarta og ikkje lata att handa for den fattige bror sin”* (5 Mos 15,7). Det er ei open hand Gud vil sjå hjå oss. *”Nei, du skal opna handa di for han”* (5 Mos 15,8). Det følgjer velsigning med å ha ei open hand overfor sine medmenneske, dei som lid naud, dei som er fattige. Ingen blir fattigare av å dela, av å gje! Oppfordringa er klar: *”Opna villig handa for bror din, for dei som lid naud og dei som er fattige i landet ditt.”* (5 Mos 15,11).

”Men den som har meir enn nok å leva av, og likevel let att hjartet sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjærleik i seg?” (1 Joh 3,17).

Gud vår Far og Jesus vår Frelsar og bror ønskjer i desse tider å sjå opne augo, opne øyro, opne hjarto og opne hender hjå oss. Verda treng det, kvar enkelt av dei ti-tusenvis flyktningar som dagleg strøymer mot Europa treng det!

”Gud, vekk oss til handling i omsorg for alle som lever i nød, så glade vi deler med andre vårt land og vårt daglige brød.” (NoS 732, v 4)

Alvhild Vassel Eide

Tidlegare tilsett i NMS (Kamerun og Norge), kykjelydssekretær og redaksjonssekretær. No pensjonist.

alvhild.vassel@dcpost.no